

BUDSJETT 2021 - ØKONOMIPLAN

2021-2024 OSTERØY KOMMUNE

Notat til budsjettdokument.

Budsjett for 2021, økonomiplan 2021 -2024 samt investeringsplan 2021 til 2024 vert lagt fram til drøfting på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet inkl. budsjettdokument og hovudoversikter i Formannskapet 25.11.2020.

Formannskapet gjorde følgande vedtak :

1:

Framlegget om å flytta elevar frå Fotlandsvåg og Haus skular vert ikkje gjennomført
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar
For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja inn i sektoren OUK

2:

Framlegget om å fasa ut lærlingordninga i Osterøy kommune vert ikkje gjennomført.
Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert å dekkja inn i dei sektorane som har lærlingar.

3: Det vert løyvd ein million kroner til satsing på næringsutvikling kvart år i økonomiplanen. I kva form dette skal gjennomførast vert vedteke etter at rapport frå pågåande prosjekt er handsama i Heradsstyret over nyttår. Meirkostnaden i høve framlagt budsjettforslag vert for 2021 dekkja inn ved bruk av ekstraløyvingar i samband med koronatiltak frå staten på 6,6 millionar For resten av økonomiplanperioden vert dette å dekkja ved å trekkje ned ramma for kvar sektor,

4.

Investeringsbudsjett post 1252:

Posten vert endra frå «Utviding Hauge barnehage» til «Utviding av kapasitet i barnehage»
Kvar midlane skal nyttast vert bestemt etter at det Heradsstyret er førelagt ein analyse av framtidig kapasitetsbehov i barnehagane.

Budsjettet vert endeleg vedteken i Heradsstyret 9.desember 2020